

# Framlegg/kommentarar til prognoseinntaket 2015 frå

## Odda vgs.

- **VG1 Idrettsfag:**

Det har meldt seg 29 primærskolar til dette tilbodet. Dette er høgare tal enn vi har hatt på mange år.

Skulen går inn for at vi nyttar dette talet ved inntaket (29 elevplassar). Vi er klar over at sekundærskolar kan ta ein eller fleire av desse plassane, dersom dei ikkje får oppfylt sitt første ønske. Vi vil då ha god plass i dei to klassane på Studiespesialiserande utdanningsprogram (ca 20 elevar i kvar klasse).

Skulen har god erfaring med å sjå desse to utdanningsprogramma i eitt. Vi vil leggje til rette for gode tilbod for desse (ca 70) elevane i deira vidare val på VG2 og VG3.

- **VG2 Kjøretøy:**

Dette tilbodet har 6 primærskolar, i tillegg til 2-3 aktuelle sekundærskolar. Skulen vil føreslå å starte tilbodet ut frå fylgjande grunngjeving:

- Vi samarbeider med næringslivet i regionen, og kan leggje til rette for ei ordning der ein del av opplæringa blir tatt ute i verkstadbedrifter, utan kostnader for skulen.
- Skulen har etablert eit godt tilbod for spésialelevar på bilverkstaden. Læraren i bilfag integrerer desse elevane i ordinær klasse på ein framifrå måte, utan auke i lærartettleiken. I år har vi ein elev som kan fylgje klassen i 14 t/v. I tillegg har vi andre elevar frå HT-klassane som kan få einskildtimar saman med klassen i kjøretøy. Dette er eit svært godt tilbod for desse elevane, og samstundes gir det skulen ei innsparing i talet på undervisningstimar.
- Vi føretek ei kopling i nokre av emna i programfaga med dei andre klassane på TIP VG2. Dette gjer ei innsparing på ca 4 t/v. I tillegg kjem kopling i fellesfaga på VG2 TIP (totalt 9 t/v), utan at dette går utover FYR-satsinga for desse elevane.
- Skulen er i år beden av fagopplæringskontoret å gje teoriopplæring til ein lærling i faget lette kjøretøy. Dette kan læraren i bilfag også integrere i undervisninga for elevane i kjøretøy, og gjer såleis ei innsparing på 100 t. for Fagopplæringskontoret.

Vi meiner at vi på denne måten kan drive klassen «billig», og samstundes gje eit godt tilbod til elevane.

- **VG2 Smedfag:**

Dette tilbodet kom ikkje i gong i 2014 grunna lågt søkjartal. I år var eit krysslaup frå Teknologi og industriell produksjon på plass. Likevel er søkjartala låge; 5 primærskolar, der nokre av desse er usikre av di dei har andre primærskolar i eiga fylke. Skulen meiner likevel det er rett å starte opp, for å freiste å etablere tilbodet. Det er store forventningar til tilbodet lokalt, og det skal ikkje være vanskeleg å skaffe lærarkrefter.

I dei siste dagane har det likevel oppstått noko usikkerheit omkring finansieringa av lokala for undervisninga. «Smedskulen» blei aktuell etter eit initiativ frå NVIM (Norsk Vassdrags- og Industristadmuseum) og Odda kommune, der ein la fram planar for å etablere eit slikt tilbod i den gamle industrismia på Smelteverkstomta. Skulen har heile tida vore positiv til å integrere eit slikt tilbod . Egedomsseksjonen i HFK har gitt NVIM informasjon og fagleg rettleiing i samband med oppbygging av godkjende lokalar til undervisning. Odda vgs kan likevel ikkje forplikte seg til høge husleiger over fleire år, for å bidra til å finansiere den naudsynte opprustinga/ombygginga.

Vi har god kontakt med NVIM og Odda kommune, og blir informert undervegs om framdrifta i arbeidet med å få finansieringa på plass. Difor ber vi om utsetjing på endeleg vedtak om å starte opp tilbodet.